



BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE

Øsmundset Id 87719

Gnr 43 bnr 16 - Hol kommune



Bakgrunn for synfaringa


Den 16.06.14 mottok fylkeskommunen e-post frå historielagsrepresentant og miljøkoordinator hjå Nordre Buskerud politidistrikt, Torstein Seim, angående ein del framvaska gjenstandar i stronda kring tuftene ved Øsmundset – Id 87719. Gjenstandane det vart meldt om var ein del jernartefakter utan nærare skildring og ein del slaggbitar like inntil tufta på Øsmundset.

Øsmundset er kjent frå blant anna Hallingdalsprosjektet då det vart registrert som Ho136. Under dette prosjektet vart det og gjennomført enkle undersøkingar med prøvestikk i ei tuft som kunne likne på ei langhustuft. Funn frå området tyder på at tufta kan vera så gamal som frå vikingtid/tidleg mellomalder. Dette vart og stadfesta gjennom Hallingdalsprosjektet då tufta vart datert med C14.

Fylkeskommunen avgjorde, i samråd med Bernt Rundberget på Kulturhistorisk Museum, å synfare området for å avklare status den 25.06.2014.

Området

Øsmundset ligg langs den nordre stranda av Strandafjorden, like nedanfor Fv. 50. Området ligg om lag 978 m.o.h. Strandafjorden er eit regulert vatn med vassoverføring til Hol I kraftverk. Vatnet er regulert opp om lag 28 meter på det meste. Fleire eldre fjellgardar og setrer låg nede i reguleringssona før neddemninga i 1943, 1955 og 1957.



Oversikt over kor Øsmundset ligg i Strandavatnet. Indikert med raudt kryss.

Historikk

Ein klar parallell til tufta på Øsmundset er utgravingane og dokumenteringa av tuftene på Langegard i 1986-87 (jamfør, Far etter folk i Hallingdals. 62-68 – Inge Lindblom). Her vart det spekulert i om at byggeskikken for langhustuftene stamma frå ein vestnorsk byggeskikk med røter langt tilbake i jernalderen.

Gjennom Hallingdalsprosjektet vart tufta på Øsmundset datert til BP 970 +/- 100 år.

Skildring

Lokaliteten Øsmundset består av fleire tufter frå nyare tid saman med ein inngjerda setervoll. Dette kan ein og sjå tydeleg på flyfoto. Inne på området er det og påvist ei større tuft som kan vera frå vikingtid eller mellomalder. Sjå vedlegg for nærare skildring.

Under synfaringa vart det påvist ei mengd slagg like nedanfor tufta, merka i Askeladden som enkeltminne Id 87719-3. Av dei klumpane som vart plukka opp og sett på, såg det meste ut til å vera slagg frå eit såkalla fase 2 jernvinnenanlegg frå same periode som tufta. Ein slaggklump innehaldande innkapsla kol vart samla inn for eventuell datering.



Øsmundset – oversiktsfoto. Det grønne området like til venstre frå midten av biletet er der tufta ligg. Heile området er omkransa av ein steingard – antagelig av nyare dato.



Tufta slik ho framstår i dag. Mogleg hjørnestein indikert med ein sko.

Ca. 30 meter nedanfor tufta, ved eit bekkeløp som kjem fram ved låg vasstand, vart det påvist ei mengd gjenstandar rundt i grusen. Dei fleste gjenstandane var ubestemmelege rustklumpar, men nokre og heilt tydeleg spikarar, hesteskosaumar og fragment av hestesko. Det vart og funne ein bit av eit velbrukt bryne og eit mogleg jernbeslag med ukjent opphav. Gjenstandane ser ut til å vera drege utover av den mindre bekken som renn gjennom tufta. Det er då nærliggande å tenke at ein del av gjenstandane er vaska direkte ut av tufta ved større vassføring. Bekken ser altså ut til å ha grave seg gjennom den austre delen av tufta på Øsmundset – Id 87719-1.



Mogleg båtnagle (Foto: torstein Seim).



Mogleg sundrusta kniv? (Foto: TS)



Gjenstandar som ligg spreid rundt nedanfor tufta. (F: TS)



Gjenstandar som ligg spreid rundt nedanfor tufta. (F: TS)



Krok av noko slag? (Foto: TS)



Gjenstand som ligg i bekkeløpet. (Foto: TS)

Lokalitetsgeometrien i Askeladden vart på bakgrunn av synfaringa oppdatert til å gjelde ei større flate nedanfor tufta, inkludert området med lause gjenstandar – sjå Bfk. nr. 14/104-106 og vedlagt utskrift frå Askeladden.



Oversiktsbilete med markert bekkeløp gjennom tufta (raud pil). Raud ring indikerer utvaskingsområde for funna. Blå ring er område der det meste av slagget ligg.

Innsamla funn – gjenstandar

Gjenstandane vil bli sendt til Kulturhistorisk museum i Oslo for kontroll og eventuell magasinering.



Id 87719-2. Lite bryne – BFK nr. 14_104



Id 87719-2. Jernbeslag, mogleg celt? BFK nr. 14_105



Id 87719-3. Slaggklump med innkapsla kol. BFK 14_106

Oppsummering

Det er liten tvil om at reguleringa av Strandafjorden har ført til at det vedvarande skiftande vassnivået stadig vaskar ut meir og meir av tufta på Øsmundset. I dag er denne delvis dekkja av eit tynt torvlag. Over tid vil nok dette forsvinne.

Gjenstandane som ligg vaska ned mot bekkeløpet stammar moglegvis frå den delen av tufta som bekken går gjennom, og har soleis blitt drege utover i eit belte nedanfor denne. Det er sannsynleg at bekkefarete kan vaske ut ein del meir av tufta over tid, og soleis heilt eller delvis øydelegge denne.

DRAMMEN 14.11.14

.....
Håvard Hoftun

Vedlegg – Askeladden rapport.